

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øksendal

Emne: Bordskikk til hverdags.

Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: Anders E. Skrondal.

Gard: Skrondal.

(adresse): Øksendal.

G.nr. 9 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ja. mest.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter kullerover si forlesing - godkenn. f. 1833. d. 1917.

SVAR

1. I gamle dagar åt husfolket attmed langbordet i stova og maten vart då koka i åren, som jamnast stod i den eine hyrna i stova. .No idag, etter et kaven vart innreidd til kjøken med komfyr, et alle i kjøkenet ved kjøkenbordet. Dette gjeld alle matmål.
2. Alle i huset sat ved same bord, og slik er det enda.
3. Alle et på same tid.
4. Det er ingen forskjel på maten til husbondsfolket og tenarane.
5. Alle et på kjøkenet.
6. I høgtiderne og sumtid om sundagane vert det ete ved langbordet i stova-men både tenarar og husbondsfolket saman.
7. Kvar hadde sine faste plassar-og husbonden øvst ved ~~høx~~ bordet, og kona ved andre enden..Nærast husbonden sat drengen-og så kom born og tenestgjentor.
8. Veit ikkje av at borna laut stå ved bordet.
9. Ja, her har me framleis nemninga Høgsetet, og det er ved øvste bordenden, ~~høx~~ såaltså i den kråa der bordet står.
10. Som utgreidd i sp. 9.
11. Det var ikkje så nøgje med handvask før ein gjekk tilbords, og det er først i dei siste 20-30 åra at det har vorte skikk. Huva vart alltid avteka når ein gjekk tilbords.
12. Heilt til noko over århundreskilet vart det ete av ~~høx~~ same grautfat-supefat-mjølkekopp- o.l. Serskild mjølkekopp at kvar attmed bordet til kvardags kom vel i bruk litt etter kvart frå århundreskiftet. Det var då kruskummar, eller "spellkomma" som det vart nemt. Ein tok først grauttugga i skeia og stakk i munnen-og så

så ei skei med mjølk. Ved grauteting no vert det bruka ymse måtar. Sumtid vert mjølka slege over grauten på talerkenen, og andre gonger vert mjølka drukke eller skeia attåt. Ved "heitt på graut" vert den kokande mjølka eller mysa med ost først fyllt opp i koppen, og så vert det skiva graut oppi etter ynskje og ete med skei. I gamle dagar åt dei sjølvsagt denne retten saman i ~~sixxxx~~ i eitt stort trefat.

13. Ein har aldrig sett at gryta vart sett på bordet. Varme rettar vart før framsette i store fat (T.d. "sodd" i gjestebod) og så henta ein opp kjøtet med skei- og suppa vart ete med skei av alle som nådde i. Var det framande som sat tilbords på ein vanleg dag- vart dei servert i serskilde fat eller koppar.

14. Ja, her kalla me dette "Bætta" og er enno ibruk. a.

a. Silbætta: sild og potet lagt mellom to flatbrødstykke.

b. Kjøtt potet og kålrabi " " " "

c. Fisk, potet, smør " " " "

Slike bætta var bruka ved saltmatrettar, men det var og bruka med ost smør og flatbrød.

15. Ja, det trur eg det er.

16. Nei, det skal helst ikkje drikkast kaffe av fatet.

17. Gaffelen kom og ibruk etter århundradskiftet. Eg kan godt hugsa det vart ette til kvardags utan gaffel.

18. Nei, tolleknivarne vart ikkje bruka av mennene til vanleg, men eg har sett dei vart bruka til å skjera sund spekemat med attmed bordet. I eldre tider hadde dei "Jonga" til bordkniv, han var på skapnad som ein fallkniv, og denne hadde dei med seg til gjestebod.

19. Minest godt at kvar av husfolket hadde si eiga skei, som enten var av horn eller tre. Dei vart vaska og lagt i skeikassa. Men før eg kann minnst, var det slik at dei berre strauk av skeia med handa etter at måltidet var endt, og så sette dei ho opp i ei veggjesprunga.

20. Porselæn kom vel og ibruk til høgtids etter århundre/skiftet, og det same kan seiast om krustalerkar. På same tid byrja dei og smått om sen å servera graut på slike. Men eg hugsar godt at kallarne hardsett heldt på at grauten ikkje vart nære så god i krusfat som i trefat. Før vart grauten aust i trefat (skåler), mjølka i treskåler eller grovkrusfat, og sild-fisk og kjøtt vart ete på tretalerkar.

21. Bordduk er aldrig eller har aldri det eg veit vore bruka til kvardags.
22. Det er bruka både voksduk-kvitskura bord og måla bord.
23. Det har vore slik, at kvar kunne forsyne seg ~~ax~~ med mat av det som var pådekt. Men før århundradskiftet og attover tida var mest av maten delt av husmora. Denne delinga var kalla å etla (bygdemål: eikla, eller eiklja).
24. All slags mat så nær som graut og mjølk var etla. T.d. flatbrød var det 1/4 leiv for kvart mål.
25. Med omsyn til porsjonane, så var det nokk mindre tid kvinnor og born.
26. Alderen kan vera så ymis, men ved 3 -4 årsalderen plar borna greida seg sjølv attmed bordet nokosonær. Det er foreldra som brukar hjelpa borna attmed bordet.
27. Det var før vanleg å tyggje maten til småborna, men no er det slutt med det.
28. Det har vorte meir slutt med å lesa bordbøn til kvardags, og om det vert gjort - så legg vedkomande saman hendene og les stillt for seg sjølv. Men til høgtids vert bordbøna lese eller sunge isaman av alle. Før var det vanleg med bordbøn - kanskje av husfaren - men og sumtid av dei minnste av borna. Veit ikkje kva tid det vart brigde i skikken med bordbøn. Har høyrte eitt gammalt uttrykk: "Han får lesa for maten som skattar for garden". Det er ingen forskjell om det er framande tilstades.
29. Det kunde talast med ein åt, og det var ingen regel at husbond førde ordet.
30. Ein kunne læ, men med måte, og har ikkje høyrte ordtak om det.
31. Synge attmed bordet var ufint. "Den som syng attmed bordet får ei skorvått kjerring" (kallå)
32. Til kvardags var det ikkje så nøgje med om ein gjekk frå bordet før alle var ferdige, men vanleg går alle frå samstundes.
33. Nei, det vert ikkje sagt takk for maten.
34. Når ein kjem tilgards under måltid er helsinga vanleg: "Goddag, og signe maten".
35. Den framande vart ikkje beden tilbords under måltidet, men det vart heller tillaga mat åt han etterpå.
36. Det vart og vert oftast stilt til mat åt ein framand.

37. Det vart helst eitkvart omframt tillaga åt ein framand eller gjest,og slik er det framleis.
38. Kaffe brødskivor med pålegg var det vanlege og er det framleis.,men kjelen stod ikkje på heile dagen og gjer det heller ikkje no.
39. Ein framand vart helst sett attåt bordet i stova,og ~~såfram~~ såframt det var millom matmåla fekk han eta åleine, det kan elles vera så ymist med dette.
40. Det er reint individuelt.Sume er så unseelege,at dei knapt vil eta,og det er mest som dei stel kakeskivorne frå brødsåla.Andre et det dei træng utan nøding. Men vertinna brukar i alle høve be den framande forsyna seg med mat.
- 41.Ja,ein brukar oftast vera inne i stova når gjesten sitt tilbords,gjerne eit stykke frå bordet. Samtalen går då kvikt.